SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Adrian Husabø Bjørseth
E-post: Adrian.Husabo.Bjorseth@sfj.no
Tlf.: 90247175

Vår ref.
Sak nr.: 19/4676-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
56391/19

Dykkar ref.

Notat

Dato
LEIKANGER, 17.09.2019

Frå: Fylkesrådmannen
Til: Fylkesutvalet

Vurdering av søknad om økonomisk støtte til etablering av Årdal Teknologipark

Årdal Utvikling søkte fylkeskommunen den 24.05.2019 om eit investeringstilskot på 15.mill. kr. av ei total investeringsramme på 45. mill. kr. til å realisere Årdal Teknologipark. Årdal utvikling har den 10.09.19 sendt ein oppdatert søknad som syner ein auke i prosjektet på 5 mill. kr till samla 50 mill. kr. Søknaden følgjer som vedlegg. I dette notatet vil vi presentere dei faglege og juridiske vurderingane som er gjort kring ein eventuell støtte til prosjektet.

Nærare omtale
Årdal Utvikling har vore ein sentral aktør i utarbeidinga av Strategisk Næringsplan 2017-2020 for Årdal kommune. Planen tek føre seg korleis kommunen skal arbeide for å møte dei utfordringane dei står overfor i tida framover. Som eit supplement til planen vert det og utarbeidd ein kompetansestrategi. Motivasjonen for å utarbeide kompetansestrategien er formulert slik:

«Dei neste åra vil kompetanse vere svært viktig for industrien lokalt, regional, nasjonalt og internasjonalt, ved t.d. den fjerde industrielle revolusjon/Industri 4.0 (digitalisering, styring, sensorikk m.m), auka krav til produktivitet og grønt skifte. Lokalt næringsliv vil ha behov for kompetent arbeidskraft både til utvikling og «dagleg drift»»

Kompetansestrategien presenterer så tre strategiar for å auke tilbodet av relevant arbeidskraft i kommunen. Desse tre strategiane er:

- Etablere kompetansesenter gjennom Sogn Opplæringskontor
- Etablere teknologi og innovasjonsselskap – SITEP AS (Senter for innovasjon, teknologi og prosess)
- Skape arena for kompetanse og innovasjon Gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/næringsklynga.

Dei to første strategiane er ein allereie i ferd med å realisere, ein søkjer no om midlar til å realisere dei fysiske investeringane i den tredje strategien.

Prosjektet
Årdal Utvikling presenterer her planar om å bygge eitt bygg lokalisert tett på Hydro sitt forskingsanlegg. Bygget er førebels kostnadsrekna til 50 mill. kr. og Årdal utvikling søkjer fylkeskommunen om eitt investeringstilskot på 15 mill. kr. Bygget vil innehalde areal avsett til mellom anna øvingsfabrikkar/teknologisenter, kontorfellesskap for bedrifter og grunderar og undervisningsareal, møterom og fellesareal for brukarane.

Mål
I søknaden er følgande målsetningar presentert som ønskt utfall for prosjektet:

- Skape ein møteplass for næringsliv, forskingsmiljø, skulane og virkemiddelaktørane
- Skape eit innovasjonsmiljø som grunnlag for auka innovasjon og knoppskyting
- Skape eit kompetansemiljø som grunnlag for å utvikle ny kompetanse blant elevar og tilsette

- Få etablert «Nasjonalt senter for prosessindustrien» som ein arena for kompetansebygging og innovasjon knytt opp mot prosessindustrien
- Auka verdiskaping og utvikling av attraktive arbeidsplassar
- Legge til rette for eit meir attraktivt utdanningsmiljø for skuleelevar og studentar
- Tilbod til nytte for heile fylket

Historikk
Som nemnt er Årdal Teknologipark ein del av eit større løft som er gjort i Årdal dei seinare åra som følgje av dei satsingsområda som vart peika på i kompetansestrategien. Fylkeskommunen har tidlegare vore med å støtta andre prosjekt som bygger opp under strategien. Mellom anna vedtok fylkestinget å støtte etableringa av SITEP i to omgangar på til saman 7,5 mill. kr. Eit tilskot på 5 mill. kr. gjekk til etablering av og investering i ein FESTO øvingsfabrikk, medan dei resterande 2,5 mill. kr. gjekk til å stø opp om etablering av selskapet og relaterte utviklingsprosjekt. Det har med andre ord vore stor politisk vilje til å stø opp om dei initiativa som har kome.

Kostnads og finansieringsplan

Kostnadsplan	
Innreiing og utvendig arbeid	4,7
Kjøp og oppgradering "Hydro hus"	12,0
Bygging av nytt bygg	33,3
Totalt	50,0

Finansieringsplan	
Eigenkapital	5,0
Tilskot	15,0
Lån	30,0
Totalt	50,0

Vurdering og konsekvensar

Fagleg vurdering

Regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen) legg premissane for arbeidet innan næringsutvikling Sogn og Fjordane. For fylkeskommunen legg planen føringar for dei økonomiske disponeringane. Fylkestinget rullerte regional plan for verdiskaping i juni 2018, og gjorde justeringar for perioden 2018 – 2021.

Nytt i denne rulleringa er at satsingsområda nyskaping og kunnskap vart slått saman. Her vert lokale innovasjonsnettverk trekt fram som eitt av områda som ein bør løfte i tida fram mot fylkessamanslåinga. Innovasjonsnettverk skal binde bedrifter saman og føre med seg kunnskapsdeling og samhandling om innovasjonsprosjekt. Dette skal vidare føre til nye innovative produkt og løysingar som igjen fører til auka konkurransekraft i bedriftene.

Heilt konkret så står det i planen at: «Fylkespartnarskapen ønskjer i tillegg å medverke til innovasjonsaktivitet i lokale nettverk, til dømes med hjelp av næringshagane og inkubatorane». Vi meiner at Årdal Teknologipark samsvarar godt med det ein vil løfte fram i den rullerte verdiskapingsplanen, og er i så måte godt forankra i den regionale planen.

Innovasjonsklynger er og tema i prosjektet P-IRIS som er eitt EU-prosjekt initiert og leia av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Motivasjonen bak prosjektet var at ein såg at ein i Sogn og Fjordane hadde få innovative bedriftsnettverk. Ein såg og at slike innovative bedriftsmiljø ville vere positivt for å behalde og tiltrekke seg unge som var på utkikk etter ein spanande og utfordrande jobb i distrikta. Tanken er at ein ved å profesjonalisere desse nettverka vil auke den innovative aktiviteten.

Det har vore fleire liknande initiativ rundt om i fylket den siste tida, og vi kan trekke fram både Fjordane Virtuelle Campus og Førde Campus Verftet som prosjekt som opererer innan same felt.

Fellesnemnaren er å kople utdanning, grunderskap og etablert næringsliv på en sånn måte at alle partar kjem betre ut av å samarbeid enn det dei elles ville ha gjort.

Mange bedrifter i Sogn og Fjordane slit med å finne arbeidskraft med rett kompetanse, og mykje av dei som har rett kompetanse flyttar ut av fylket for å ta meir utdanning. Ein veit at når ein først har flytta ut så skal det meir til for å flytte tilbake på eit seinare tidspunkt. Mange av dei som flyttar ut er og i ei kritisk fase i livet kor dei prøve å finne ut kor dei skal bu. Å ha oppdatert og tilfredsstillande tilbod til opplæring og kompetanseheving lokalt er difor avgjerande for å klare å behalde den kompetansen ein har. Årdal Teknologipark prøver, saman med SITEP, kommunen og næringslivet i Årdal å leggje til rette for at ein skal kunne utvikle mykje god kompetanse lokalt.

I tillegg til å svare på utfordringar knytt til kompetanse, skal senteret og leggje til rette for nyskaping og innovasjon i eksisterande og nytt næringsliv. Ved å samlokalisere grunderbedrifter, innovasjonsselskapet (SITEP) samt opplæringskontoret vil ein skape nye arenaer for samhandling og samskaping. Vi meiner at, sjølv om samlokalisering ikkje automatisk gir slike effektar så kan det vere eit viktig første steg. Det ligg og mykje utviklings og innovasjonskompetanse i Innovasjonsselskapet som vi reknar med at dei kjem til å dra veksel på.

Årdal Teknologipark tek sikte på seg å vere ein regional aktør innanfor utviklingsarbeid knytt til prosessindustrien. Dette vil resultere i utviklingsprosjekt som strekk seg ut over kommunegrensa. Vi ser det som positivt at dei vil forsøke å ta ein regional posisjon innanfor sine fagfelt og meiner at slike

Innanfor næringssektoren har det dei siste åra vore ein dreiing frå hard infrastruktur til mjuk infrastruktur. Det er med andre ord ikkje så vanleg å støtte bygging av bygg. Det er fleire grunnar til det. For det første så vil eit tilskot til eit bygg med bakgrunn i eit ønske om auka innovasjon og utvikling i næringane gi usikre effektar. Det er ingen garanti for at bygget vert nytta til det tiltenkte føremålet, og bygget kan til dømes overdragast til andre og nyttast til heilt andre ting. For det andre så krev slike investeringar mykje kapital. Det har vist seg at ein generelt får meir ut av midlane ved å investere i mjuk infrastruktur. Når ein likevel vurderer å eit slikt tilskot er det fordi at ein ser at det å ha gode rammevilkår vil vere positivt for dei immaterielle elementa i prosjektet.

Statsstøtterettsleg vurdering
EØS-avtalen slår fast at all offentleg støtte til bedrifter i utgangspunktet er ulovleg. Tilskot gitt til private aktørar må difor vurderast opp mot statsstøtteregelverket. Viss tilskotet er vurdert å vere offentleg støtte må ein finne ein relevant unnataksheimel for å likevel kunne gi støtta lovleg. Vi har i arbeidet med denne saka engasjert advokatfirmaet Kluge til å gjere ei vurdering av dei statsstøtterettslege tilhøva. Deira vurdering er at det er mogleg å gje lovleg tilskot til prosjektet. Vurderinga ligg ved.

Konklusjon
Fylkesrådmannen stiller seg positive til det arbeidet som har vore gjort knytt til gjennomføring av kompetansestrategien i Årdal dei siste åra. Fylkeskommunen har vore med å støtte opp om både materielle og immaterielle investeringar i SITEP. Ut i frå eit næringsutviklingsperspektiv ser vi at eit slikt bygg vil kunne bidra positivt.

Ein har i dialog meg søker diskutert kva konsekvensar ei løyving mindre enn omsøkt beløp vil ha for prosjektet. Vi har den oppfatning av at prosjektet vil la seg gjennomføre med ein mindre løyving, men at dette vil gå ut over råmevilkåra til leigetakarane.

Fylkesrådmannen tilrår å løyve 10 mill. kr. til utvikling av Årdal Teknologipark AS